

3 av laget sine medlemer har teke bruksprov i år: Philipp Schips med Tara, Knut-Jørgen Oseberg med Tom og Jan Myklebust med Lia.

26 medlemer har betalt kontingent for 2021.

Styret i VSGL.

Årsmelding for 2021 for Vestre Sunnmøre gjetarhundlag.

Det har vore halde bra aktivitet i laget på tross av omstende kring situasjonen med covid.

Årets første aktivitet var kurs i Saurdalen over 2 dagar i februar. Linn Kristin flaten var instruktør. Kurset var fullteikna med 8 deltarar.

Laurdag 29. mai arrangerte me medlemsdag på treningsbana. Det var godt frammøte og me kosa oss med grillmat og drikke som laget spanderte.

Prøve på Fiskå vart avvikla 28 august 2021 i nydeleg sol og pent ver på ein ypparleg plass for prøve. Det var 22 startande i klasse 3, 5 startande i klasse 2 og 12 startande i klasse 1. I alt 39 startande.

Det har vore ein del treningar på bana i Follestaddalen, gode treningsauer i frå Anne og Jan Terje.

På fylkesmesterskap i Surnadal 2. oktober deltok 9 ekvipasjar frå vårt lag . Jan Myklebust med 4 hundar, Philipp Schips med 3 hundar og Knut Jørgen Oseberg med 2 hundar.

Fylkesmeister vart Eva Karin Langseth frå Sunndalsøra.

Mykje av aktiviteten i laget for 2021 har vore retta omkring NM 2021 som laget fekk tildeilt å arrangere.

NM gjetarhund vart avvikla 7 til 10 oktober 2021 på området ved treningsbana i Follestaddalen.

Der ein må vel kunne sei at det var maksimalt flaks med verforholda, toleg bra veir alle dagar under NM.

I høve til NM har det vore stor aktivitet med møter på telefon og teams med komiteen framover mot NM.

Ellers var det stor dugnadsinnsats i frå mange frivillige og VSGL rettar ei stor takk til alle som var med å gjere dette mogeleg.

Utan ein stor innsats i frå dei som stilte opp både seint og tidleg ville det neppe vere mogeleg å gjennomføre eit slik arrangement.

Tilbakemeldingar som kom frå deltarar og publikum var berre positive, og arrangementet må ein kunne seie at det gjekk knirkefritt.

Frå Vestre Sunnmøre gjetarhundlag var tre ekvipasjar kvalifiserte til å delta i NM. Det var Jan Myklebust med Rex, Knut Jørgen Oseberg med Floke og Jan Myklebust med Frøya.

Som den einaste frå vårt fylke kom Jan Myklebust og Frøya til finalen. Dei kom på ein fin 8. plass som me gratulerer med.